Vekeplan 8. trinn Veke 47og 48

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Elevane skal bli kjend med ulike forteljarteknikkar innanfor skjønnlitteratur
Engelsk	• reading, writing and speaking about new experiences and discoveries • reading and discussing the content of the text • using the simple present and simple past tense • Learning regular and irregular verbs
Matematikk	• Bruka ulike strategiar for utrekning med parentesar • Kjenna til dei mest vanlege delereglane • Bruka reglane for å finna ut kva tal er delelege med • Skilja mellom primtal og samansette tal • Skriva samansette tal som produkt av primtal
KRLE	• Få kunnskap om opphav, utbreiing, religiøse høgtidar, ritual og mangfald innanfor jødedommen
Naturfag	• Gi døme på observasjonar som viser at kontinenta på jorda har hange saman • Forklara korleis vi kan vita at jordskorpeplatene beveger seg • Beskriva kva platetektonikk er og kvifor dette kan kallast ein teori
Kroppsøving	• Utforska eigne moglegheiter til trening, helse og velvære gjennom leik, dans, friluftsliv, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikle ferdigheter i varierte bevegelsesaktivitetar • bruke eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverke til framgang for andre, og vera èin god medspelar • Kunne utføre grunnleggjande turn elementer som framlengs - og baklengs rulle, stå på hode og hender, hjul, araber og piruett • **Tema: Turn/akrobatikk**
Spansk	• Namn på skulefag og skuleting • Spørjeord • Snakka om klokka • Få kjennskap til nokre adjektiv og kunna bruka desse • Verbet estar
Tysk	• Kunna presentere seg sjølv, familie og kvardagen sin • Kunna bøye regelrette verb i presens • Kunna bøye uregelrette verb i presens
Arbeidslivsfag	• Kunna laga og ferdigstilla eit treprodukt etter arbeidsteikning. • Gjennomføra arbeid i tresløyd ved å bruka eigna verktøy, materiale og følgja HMS-rutinar.
Fysisk aktivitet	• Øva på og gjennomføra varierte bevegelsesaktivitetar aleine og saman med andre • Erkjenne forskjellar mellom seg sjølv og andre i bevegelsesaktivitetar, inkludera alle, samarbeida og oppmuntra medelever til å delta i fysisk aktivitet og vera èin god medspelar
Friluftsliv	• Turar i nærområdet (sykkel + gåing) • Allemannsretten

	• Sporlaus ferd
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal **Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter**

INFORMASJON TIL HEIMEN

Hei

Kick-off
Veke 47 startar med felles kick-off for Hei Verden-aksjonen til støtte for Bangladesh. Her lærer vi meir om kva pengane vi samlar inn går til. Vi får óg besøk av nokon som har blitt støtta av arbeidet Hei Verden driv, så vi får innblikk både i korleis arbeidet blir organisert, og kva effekt det har for den einskilde sitt liv. Den 25. november kl. 17 er det elevkveld der foreldre, føresette og søsken er invitert.

Innsamlingsaksjon 25.november

Onsdag 25.november 17:00-19:00 arrangerer elevane på 8.trinn ei innsamlingsaksjon for Bangladesh. Pengane me får inn skal gå til «Fattigdomsbekjemper» sitt skuleprosjekt i Bangladesh. «Fattigdomsbekjemper» er ein livssyns- og politisk nøytral bistands- og informasjonsorganisasjon som arbeider for skule for alle. Dei utdannar lærarar og skaffar utstyr og skulebøker til elevane. Føresette, søsken og besteforeldre er hjarteleg velkomne!

Elevbedriftsmesse
På tysdag skal åttande trinn besøka elevbedriftsmessa til niande trinn. Dette er ei utstilling i gymsalen der niandetrinnselevane viser fram kva type bedrift dei har utvikla og jobba med i haust.

Trinnleiar
Jon Asgeir Lystvet, Asgeir, vil fungera som trinnleiar på åttande trinn framover. Dette er fordi Morten er sjukmeldt. Asgeir har allereie vore innom trinnet jamleg, og kjenner elevane og oss vaksne godt.

Med ønskje om ein fortsatt lærerik og fin haust

Helsing oss på 8. trinn

VURDERINGAR

Veke	Fag, innhald
47	Naturfag: Skriftleg prøve i celler, måndag 4.time
	Tysk: Verbtest sterke (uregelrette) verb torsdag

HEIMEARBEID VEKE 47	
Norsk	Les i 20x3 minutt i leseboka di. Hugs å loggfør lesinga på Bookbites.
Engelsk	Continue reading in Harry Potter from chapter 12. Log your reading in BookBites
Matematikk	**Kvadrattal, kvadratrot og rekning med parentesar** **Oppgåveboka** s.57, 58 og 59, oppg. 1.218, 1.219, 1.220, 1.221 og 1.223. Vel ditt nivå, ta bilete av leksa og lim inn på Onenote veke 47
Naturfag	Vurdering på måndag i emnet «Celler».
KRLE	**Katastrofe og nye moglegheiter** Les side 84-88 i "Store spørsmål" og svar på oppgåve 1-5 på side 88 i skriveboka di.
Spansk	Gjer oppgåve om ser, tener og estar s. 50 i arbeidsboka. Skriv setningane på ON.
Tysk	Repeter bøyinga av uregelrette verba frå veke 45 og 46 (lesen, essen, sprechen, fahren, laufen). Leksesjekk / verbtest på torsdag.
Fysisk aktivitet	Møt i Timehallen
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal på sykkeltur-ha med hjelm og evt.turmat. Sjekk yr.no og kle deg etter véret. Sjekk at sykkelen din er i god stand.
Kantine	Me skal laga mat på kjøkken

HEIMEARBEID VEKE 48	
Norsk	Les i 20x3 minutt i leseboka di. Hugs å loggfør lesinga på Bookbites.
Engelsk	Continue reading in Harry Potter. Log your reading in BookBites
Matematikk	**Reknerekkjefølgja** **Oppgåveboka** s. 61 og 62, oppg.1, 225, 1.226, 1.227 og 1.228
Naturfag	Les s. 105-107. I omgrepstabellen på One Note: Skriv forklaring og finn passande bilete til omgrepa **Pangea**, **jordskorpa**, **mantelen** og **kjernen i jorda**.
KRLE	Lag eit tokolonnenotat over dei sentrale omgrepa: monoteisme, reformjødedom, ortodoks jødedom, ultraortodoks jødedom, kosher, Talmud, Tanakh, Toraen, minoritet, antisemittisme, synagoge, davidsstjerna, hanukka, pesach, yom kippur, bar mitzva, bat mitzva og sabbat.
Spansk	Jobb med klokka. Bruk læreboka s. 64 og s. 133. Gjer oppgåver om klokka s. 52 i arbeidsboka. Ta bilete av sida, svar på oppgåvene og legg inn på ON.
Tysk	Jobb med "Mein Alltag". Førebuing til munnleg vurdering. ON-Hausaufgabe/Heimearbed - Woche 48
Fysisk aktivitet	Sjå teams
Friluftsliv	Møt i klasserommet. Me skal sykle til Tjødna og gjere oppgåver der om allemannsretten, sporlaus ferd og dyreliv. Ha med hjelm.
Kantine	Møt i klasserommet med iPad